# ÅRSMELDING LEIKANGER JAKT OG FISKELAG 1993

I 1993 hadde Leikanger J.F.L. 87 betalande medlemer. Det vart halde 3 styremøte. Laget arrangerte bruksknivkurs og kurs i flugebinding. I august var 6 av medlemene med på dugnadsarbeid på Trastadalshytta. Kommunen hadde sett av ca. 26.000 kr. i midlar til vedlikehald av hytta. På siste torgdagen i haust hadde laget demonstrasjon av leirdueskyting.

Rovviltkonkurransen som starta 1. november i fjor og vart avslutta 1. mai i år, var prega av dårleg innmelding av felt vilt. Leikanger vart nr. 11 (78p) og sist av dei laga som var med. Luster vart nr. 1 (714p).

Leikanger J.F.L. arrangerte 3 dagar med opne stemner, med eit snitt på 23 skyttarar pr. dag.

Kurt Langeteig vart Fylkesmeister med 49 treff og tok det tredje strake nappet i vandre-pokalen. Vandrepokalen han får til odel og eige, har gått sidan 1968.

På Vestlandsmeisterskapen på Øystese vart Odd Reksnes nr. 3 i B-klassen, Svein Inge Lundheim nr. 7 i B-klassen og Bjørn Sørfonden nr. 9 i A-klassen.

Pinsekarusellen vart vunnen av Kurt Langeteig etter ein jamn finale. Han fekk 90 treff og tok sitt andre napp i vandrepokalen (EVT).

Helga 21-22/8 vart det arrangert dobbeltstemne der Kurt Langeteig vart vinnar med 92 treff og tok det første nappet i vandrepokalen som er gitt av Inga og Sigmund Langeteig. Denne pokalen vert oppsett på siste stemna kvart år.

NM jegertrap Eidskog:
Leikanger J.F.L. stilte med 7 skyttarar på NM. Svein Inge Lundheim vart nr. 23 i B-klassen med 46 treff og var den einaste som fekk premie i hovedskytinga. Kurt Langeteig kvalifiserte seg til 4 kveldsfinalar i press-skyting.

I finalen i Norgescupen med stålhagl for 5-mannslag vart Leikanger J.F.L nr. 2 med 117 treff, berre 1 treff etter Biri J.F.L. som hadde norgesmeisteren og 2 andre blant dei 20 beste på NM med på laget. Leikanger J.F.L. stilte med dette laget i denne rekkefylgja:
Svein Inge Lundheim 23, Odd Reksnes 24, Nils Olav Langeteig 21, Bjørn Sørfonden 24 og Kurt Langeteig 25.

NM-Nordisk trap Krødsherad:
Det var 7 skyttarar som klarte kvalifiseringskravet på NM på 90 treff. Kurt Langeteig vart nr. 8 med 191 treff i seniorklassen. Elles fekk Olav Aarskaug premie med ein 29. plass i seniorklassen.

I Beretta Norgescup-finalen var Kurt Langeteig, Odd Reksnes og Svein Inge Lundheim kvalifisert. Kurt fekk 3. plass (97) i A-klassen og 4. plass totalt (121), Svein Inge 3. plass (90) i B-klassen og Odd 5. plass (89) i B-klassen.

I haglecup-finalen for junior vann Kristian Nord klart med 21 treff. Premien var ei hagle. John Magne Berkvam fekk 18 treff. Det var 5 juniorar med i finalen.

I haglecup-finalen for senior var det i år med 8 skyttarar, 5 av desse var frå Leikanger J.F.L. Nr. 1 og vinnar av hagla vart Kurt Langeteig med 47 treff, nr. 2 Odd Reksnes med 45 treff, nr. 3 Svein Inge Lundheim med 45 treff, nr. 4 Jakob Støyva med 38 treff og nr. 7 Steinar Berkvam med 33 treff.

I den store duellen med skyttarlaget var Siv Merete Stadheim best på Moene med 240 treff (25). Kurt Langeteig var best på Kleppa med 22 treff og samanlagt med 40 treff.
I lagkonkurransen vann skyttarlaget med 270 treff mot 258 til L.J.F.L.

På lagsmeisterskapen var det berre 11 medlemer som møtte opp. Kurt Langeteig vann seniorklassen med 25 treff og vart lagsmeister. Han fekk også det andre nappet i den nye vandrepokalen. Jeger-klassen vart vunnen av Sven Inge Vestby med 15 treff. Juniorklasen vann Kristian Nord med 17 treff.

Ca. 10 skyttarar har vore med på utestemne i fylket og andre stader i landet. 4 skyttarar frå andre lag i fylket har i år meldt seg inn som sidemedlemer i L.J.F.L. for å få skyte Nordisk-trap.

Stemnevinnarar i år: Kurt Langeteig 7 stemne, Jakob Støyva 1 stemne.

# ÅRSMELDING FRÅ FISKEUTVALET FOR 1993

Som forrige år har fiskeutvalet arbeidd med fiskekonkurransar og fiskekortordning for nedre del av Henjaelva.

## Konkurransar

"Vårsprellen" vart arrangert for 3. gong søndag 25. april. 15 familiar, 21 herrar og 4 damer stillte opp og drog fisk.
Svein Inge Moum vart vinnar i herreklassen med dagens største fisk på 3365 gr. Asbjørn Sjøtun drog opp 2440 gr. og Reidar Breisnes 2415 gr.
Anna Fjøsne fekk mest fisk i dameklassa med 1815 gr.
Magna Røysum fekk 1700 gr. og Monica Bøkenes fekk 360 gr
Familieklassa vart vunnen av fam. K. Nord med i alt 9415 gr. Vidare kom fam. Storevik/Njøs med 2415 gr. og fam. K. Grepstad med 2100 gr.
Det fine veret gav fin ramme rundt det heile. Det er å tilrå sal av kaffi og vafler ved eit evt. seinare arrangement.

7.-8. august vart det halde fiskekonkurranse på Fjærlandssete. Det starta godt, men ei total vindstille søndag gav minimalt med fangstar den dagen.
Klassen under 16 år vann ..... Slinde med 5 stk. fisk.
Klassen over 16 år vann Nils T. Henjum med 22 stk. fisk.
Aasmund Espe fekk størst fisk på 390 gram.
Det vart teken ein liten fisk på flugestang (ca. 50 gr.)
Bålkosen på stølsvollen laurdagskvelden var triveleg.
Knut Gjerde og Rune Lundheim var ansvarlege for arrangementet, og dei skal ha skryt for god avvikling.

## Fiskekortordning

Utvalet oppnådde for 1993-sesongen å få avtale på begge sider nederst i Henjaelva, men berre for eitt år.
Som omtala i årsmeldinga for -92 hadde Fylkesmannnen sendt ut forslag til fisketid i Henjaelva frå

1.juni - 17.aug. Dette fekk utvalet utvida til 31.aug. Kortsalet føregjekk i -93 frå Esso-stasjonen. Dette var ei betre ordning enn året før pga. lengre opningstider.

Salet byrja svakt, men tok seg godt opp seinare.
I alt vart det selt 108 kort. Inntekta vart kr. 3900.
Det vart innmeldt 35 laksar, tils. 82,5 kg, og 1 sjøaure på 0,7 kg. Kopi av fangstskjema ligg ved.

Kortordninga har gjeve meir ordna tilhøve for fiske i elva for alle interesserte, ikkje minst pga. endra reglar.
Mindre tiltak i elvelaupet har vore diskutert med NVE og Leikanger kommune.
Det er framleis trong for både dugnadsinnsats og god fiskarmoral/-etikk frå lagsmedlemmane om vi skal kunne nyte godt av denne rekreasjonen som elvefiske er, også i framtida.
Målet er å få til avtaler som går over fleire år.
For 1994-sesongen har Fylkesmannen framlagt fisketid for anadrom fisk i Henjaelva til 15.juni - 31.august.

For fiskeutvalet: Kolbjørn Nord (form.)

Kolbjørn Nord

# Elvefiske. *(Fangst av laks, sjøaure og sjørøye med stang)*

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fiskerettshavers navn/ Sameie(kontaktperson) | Avtale m/fleire grunneigarar. Sal av kort administrert av Leikanger Jakt og Fiskelag | Elv | Nedre Henjadalvi |
| | | Fisket i kommune | Leikanger |
| Adresse | v/K. Nord (her) | Stedsnavn | Hermansverk |

| Uke nr. | Fangst av laks fordelt på vektklasser | | | | | | Fangst av sjøaure fordelt på vektklasser | | | | Sjørøye, total fangst | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Under 3 kg | | 3-7 kg | | Over 7 kg | | Under 0,7 kg | | 0,7 kg og over | | | |
| | Antall | Vekt | Antall | Vekt | Antall | Vekt | Antall | Vekt | Antall | Vekt | Antall | Vekt |
| 26 | | | 1 | 4 | | | | | | | | |
| 28 | 4 | 7,5 | | | 1 | 10,5 | | | | | | |
| 29 | | | 1 | 3,3 | | | | | | | | |
| 30 | 3 | 3,2 | | | | | | | | | | |
| 31 | 6 | 11.4 | 1 | 3 | | | 1 | 0,7 | | | | |
| 32 | 5 | 9,2 | | | | | | | | | | |
| 33 | 9 | 14.1 | 1 | 3 | 1 | 9 | | | | | | |
| 34 | 2 | 2.6 | | | | | | | | | | |
| 35 | 1 | 2. | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | |
| Sum | 30 | 50,0 | 4 | 13,3 | 2 | 19,5 | 1 | 0.7 | | | | |

Dette er oversikt over innmelde fangstar. Vi har ingen garanti for fusk, men ein liten mistanke om fangst i elveosen som ikkje er bet. kort for elles innrapportert. - 29/10 Kr.

35 laksar tils. 82.8 kg
1 sjøaure tils. 0.7 kg
83,5 kg

29/10-93
K Nord

UTGIFTER

| | |
|---|---|
| Frakt | 5940.68 |
| Kioskvarer | 2238.50 |
| Kurs/møter | 2570.00 |
| Kjøp T-skjorter/gensere | 8265.50 |
| Kjøp skot/duer | 53590.00 |
| Annonser | 2671.80 |
| Kjøp premiar | 15791.70 |
| Diverse utgifter | 10563.00 |
| Gebyr | 232.00 |
| Sum utgifter | 101863.18 |

INNTEKTER

| | | |
|---|---|---|
| Sal skot/duer | | 34484.00 |
| Inntekt stemner/treningar | | 34991.50 |
| Overf. frå Systrond Sportsfiskarlag | | 2012.83 |
| Tilskot kommunen | | 2500.00 |
| Inntekt fiske | | 6067.50 |
| Kontigentavrekning | | 3160.00 |
| Diverse inntekter | | 6849.00 |
| Renter | | 1943.00 |
| | 101863.18 | 92007.83 |
| Underskot | | 9855.35 |
| | 101863.18 | 101863.18 |

AKTIVA PR. 31.12.93

| | |
|---|---|
| Sparebanken Sogn og Fjordane | 45603.72 |
| Skot - duer - premiar | 11821.00 |
| Emblemer - merker | 1500.00 |
| Bygg - anlegg | 30780.00 |
| Leirduekastarar m/utstyr | 43110.00 |

31.12.93 - 2.2.94

Odd Reksnes

LEIKANGER JAKT OG FISKELAG

Vårt banksamband:
SPAREBANKEN Sogn og Fjordane
Knto:3781 07 30 251

Styret i Leikanger Jakt og Fiskelag 1993

A Formann: Kurt Langeteig

B Nestformann: Kjell Erik Strand attvalg

B Kasserar: Odd Reksnes att valg

A Sekretær: Bjørn Hagen

B Styremedlem: Nils Olav Langeteig attvalg

A Varamedlem: Steinar Berkvam

Jaktutval:

B Formann: Svein Inge Lundheim attvalg

B Medlem: Kurt Langeteig attvalg

A Medlem: Ivar Fagerheim

A Varamedlem: Vidar Frækaland

Fiskeutval:

A Formann: Kolbjørn Nord

A Medlem: Steinar Røysum

B Medlem: Johan Bondhus attvalg

B Varamedlem: Per Olav Henjum Geir Ove Røysum

Revisorar: A Sverre Fossen,
B Inge Yttri attvalg

Valnemnd: Formann B Jakob Holen Bjørn Fjøsne
A Vidar Frækaland
A Geir Nygard

B= På val
A= Ikkje på val

# Årsmøte på Sognefjord Turisthotell 4/3-1994

Det møtte 13 medlemmer på møtet
Odd Rekisnes leia møtet.

Sak 1: Godkjenning av innkalling.
Innkalling med sakliste, kan vere noko å tenke på neste år.

Sak 2: Val av to medlemmer til å skrive under møtebok.
Johan Bondhus og Kolbjørn Nord vart valde til å skrive under møtebok.

Sak 3: Årsmelding
Svein Inge Lundheim gjekk gjennom årsmeldinga for laget og jaktutvalet. Kolbjørn Nord gjekk gjennom årsmelding på fiskeutvalet. Det har lite til vore mråd å få til fleirårig avtale om fiske i Henjaelva. Det vart vist til god avvikling av fiskekonkurransen på Fjærlandsete og "Vårspretten". Årsmeldinga vart godkjent.

Sak 4: Godkjenning av rekneskap
Rekneskapen er gjort opp med eit underskot på 9855 kr. Dette skuldast i hovudsak at vi ikkje hadde konvoluttlotteri i 1993. Det vart reist spørsmål om kvifor utgifter til kjøp av skot/duer er ein del høgre enn det som er oppført som inntekt ved sal av skot/duer. Svaret på dette var at det ligg inne ein del sal av skot i det som er oppført som inntekt under stemne/treningar, og dessutan vart det vist til ordninga med gratisskot på børsebane
Rekneskapen vart godkjent.

Sak 5. Val
Nestformann : Kjell Erik Strand
Kasserar : Odd Reksnes
Styremedlem: Nils Olav Langeteig

Jaktutval:
Formann : Svein Inge Lundheim
Medlem : Kurt Langeteig

Fiskeutval:
Medlem : Johan Bondhus
Varamedlem : Geir Ove Røysum

Revisor : Inge Ytlri

Valnemnd : Bjørn Fjøsne

Sak 6: Orientering om ny leirduebane/lagshytte
Odd Reksnes og Kurt Langeteig orienterte om planar med ny leirduebane/lagshytte. Det vart stilt spørsmål til årsmøtet om vi skulle arbeide vidare med desse planane. Det vart vedteke å gå vidare.

Sak 7: Orientering på kalkingskurs i Førde.
Johan Bondhus gav ei fyldig og god orientering på dette kurset. Det vart vedteke at Kolbjørn Nord skulle ta kontakt med kommunen v/miljøvernleiar for å sjå kva som kan gjerast med prøvetaking i vatn og vassdrag her i kommunen